

Planane for lagerbygg vart lagt fram på førre årsmøte, og takka vere Gunnvald Hella, Nils Vestrheim og Trygve Dragøy kan vi samlast til årsmøtefest i bygget.

Av gode investeringar i 2016 utanom lagerbygget, må nemnast at vi betalte leiropphald på Raknestunet for ein del av medlemmene i Aktivitetsklubben. Eit populært tiltak! Og like fullt stod det 125.173 kr på konto ved utgangen av året. Her må nemnast spesielt ei fantastisk minnegåve på nesten 20.000 kr etter Oddmund Hella, *og ei anonym gåve på heile 30.000kr,*

Styret har vore nesten det same sidan eg vart vald til leiar i 2011. Sølvi Sivertsen har vore nestleiar, Nils Vestrheim kasserar, Inger Christensen og Jorunn Moen styremedlemer. Inger Christensen vart i fjor vald som fast medlem i staden for Else Hella, som var villig til å vera vara. Gudrun Rikstad har vore vara heile tida. Tusen takk for eit godt arbeidsår til alle. Trygve og Bjørg som ikkje er med i styret, men alltid stiller opp når det trengs! Helen og Kirsten som begge er knytte til styret sine påfunn på ein spesiell måte. Men i år går største takken til Gunnvald Hella som tok ansvar for alt som hadde med nybygget å gjera, frå første blyantstrek på teiknearket til ferdig bygg.

I år er det Jorunn og Steinar som står på val, i tillegg til Gudrun og Else som varafolk og Åsmund Stray Nordberg som revisor.

Hella, 19.mars 2016

Steinar Vågenes

*Bjørg Solhøi
Trygve Dragøy*